



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3534 - 14/15317

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2014

## Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 169/7 Ikeland

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppsetting av garasje – gbnr 169/7, Ikeland.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Tiltak skal være plassert slik at tekniske krav til eigen avkjørsle, samt avkjørsle på gbnr 169/1, vert ivareteken. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein kan snu på eigen grunn. Sjå [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no) (FOR-1964-07-16 nr 3905) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) ( vegnormal 017) for ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav.
- Det er ikkje teke stilling til mur vist på situasjonskart i byggegrense mot kommunal veg. Det ligg ikkje føre søknad om løyve til etablering av denne og den er dermed ikkje med i denne vurderinga. *Muren er søknadspliktig etter Veglova § 29.*
- Minste avstand mellom tiltak (takutstikk) og midt kommunal veg skal være minimum 5.0m.

Det er med heimel i Veglova § 29-32 og 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal 017 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentlig veg.

### Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som



har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høva til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå fyrste gong klagen blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre. Jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart 169-7 Ikeland

**Kopi til:**

Kjetil Eikefet  
Anne Lise Molvik

**Mottakarar:**  
Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM